Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing o.a.

Oppskr. av: A. Skåsheim,

(adresse): Balestrand

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Balestrand

Bygdelag: Strondi

Gard: Skåsheim

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Når dei segjer ja lyfter dei ofte upp ei hand. Når dei segjer nei rister dei ofte på hovudet.

2 Fram til 1895 helste dei allid på folk dei møttes på bygdevegen - anten dei kjende dei eller ikkje. På kladi kunde ein då sjå anten det var bondefolk eller storfolk. For storfolk tok dei av seg hatten eller huva - og sa på sitt bygdemål: God morn., god dag eller god kveld. Frå slutten av 1890 åri tok det til å verta so mange turistar på vegen um sumrane her, at bygdefolk heldt upp å helsa på dei som dei ikkje kjende. Turistar - serleg engelske helsar endå ofte ukjende bygdefolk, som dei møter på vegen. Då helsar bygdefolk allid att.

3. Dei helste jamnast båe samstundes avdi dei vilde vera venlege mot kvarandre - og sjeldan med kjensla av at nokon av dei hadde skyldnad til å helsa. Dei som kom til ein bustad helste allid fyrst. På embets-

7424

menn og offentlege tenestemenn helste bønder
fyrst. - Store bønder vilde gjerne at hus-
menn skulde helsa på dei.

4. Var det møte millom bønder sa dei
berre den vanlege helsingi som høyrde det
til på dagen. Var det møte med embets-
folk tok dei av seg huva eller hatten.

5 Helsingi kunde vera meir eller mindre
gjemeinsleg - alt etter den kjennskap og
det samband dei hadde med kvarandre
Her var nokre godseigarar i Søgn. Fram til
1880 åri stod leiglendingar og husmenn med
hatten eller huva i handi - når dei
talte med godseigaren. Militære sjefar
heldt strengt på at bønder skulde helsa.
Kapteinen på ein sjefsgard var og dugande
bonde. Ein bygdemann kom til han og
skulde søkja permisjon. Kapteinen stod
då og arbeidde i ei veit. Bygdemannen
vart i tvil um han då skulde helsa -,
og han let det vera. Då vart Kapteinen
harm. Han spratt upp or veiti - og sa
morsk til mannen: "Taler du til meg
uten å hilse. Du skal altid hilse på
meg, for jeg er din kaptein - enten jeg
står i veiten - eller er på ekserplassen!"

6. Huva under armen synte den største
vyrdnad.

7. Ja - på Kyrkjeveg helsa og bønder på
huva eller hatten for kvarandre.

8. Dei som var nære skyldfolk - eller ses godt
kjende tok kvarandre i handi. Dei handhelste og på born når dei kom på vitjing,
og hadde då jamnast ein merknad:
A, kor stor du er vorten - eller vorti (gjenta)

7424

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9. Var dei sers glade då dei møttest klappa dei ofte kvarandre på oksli. –

10 På Kyrkjevegg letta mennene på hatten eller huva – då Kyrkjeklokka tok til å ringja. Kvinnfolki gjorde ikkje noko teiken. – Dei helste helle når dei var på Kyrkjevegg – ikkje andre stader. –

11. Dei stagga stundom ved møte med likferd – eller brudfylgje –, og stod med hatten i hendi. Men det var ikkje alltid. Her var det elles mest båtferder til Kyrkje.

12. I Feiosdalen helste dei på ein stad dei nemnde „Varpet". Mange stader helste dei på kjende varder ved å leggja stein på varden. Kjende Kjeldor – Olav Kjeldor – helste dei ofte på ved å leggja eller seg ein kross –

13. Tidleg um morgonen sa dei „godmorn", heile dagen til kvelden kom – „goddag", og um kvelden „god kveld". Når dei gjekk frå ein stad seint ein kveld, eller når dei gjekk og skulde leggja seg sa dei „god natt".

14. Vart det helsa på ein måte som ikkje svara til bilet på dagen – gjorde dei merknad til det: „Kaa e da so gaor ao han, e han raongsöode"? (Raongsövde)

15. Var det einkvan som helsa „godmorn" då det leid på dag – kunde det verta svara: „Ja, da e no dajen no dåo."

16. No til dags held dei ikkje so fast på dette skile. Ein kan høyra „godmorn" brukt heile dagen – ja kvelden med. –

7424

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. Kring 1890 kunde ein ofte høyra: „Sit i fred", „velkomen te", „signe maten", „signe kvila" „signe arbeidet", „til lukke med arbeidet", „lukka på ferdi" — og „takk for laget".—
18. Dei som vart helsa på svarte jamnast: „Ja, du ska ha takk".—
19. Vart ein gjort molleken på tunet tok han ofte ujoppatt helsingi i med det same han kom inn i stova, soleis: „Ja, God dag i stova"
20. Vilde ein tala åleine med einkvan sa dei gjerne: „Kan eg fåa tala med deg unde fira auge"?
21. Dei banka alltid på döri — eller veggjen. Ofte vart dei ståande på tunet til folk kom ut.—
22. Dei som var inne svara: Kom inn. Han som kom inn helsa etter som kjennskap og skyldskap var. Var det einkvan som ikkje steig inn gjekk dei ut og sa: „A, da du so, e so framande at du ikkje „torer gåa inn. Kom berre inn, veit eg".—
23. Dei som kom inn vart ofte ståande ved döri til dei vart bedne um å setja seg.
24. Den framande tok av seg hatten eller luva med det same han steig um dörstokken.
25. Det var vanleg helsing.—
26. Ja, det vart gjort skilnad på kven ein mölle — og korleis mötestundi var.
27. Ein heilt framand som kom til gards helste berre med dei vanlege ordi og tok ikkje hüsens folk i handi. Derimot sa han ofte namnet sitt—

7424

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og kva ærend han for i.

28. Alle vart ikkje mottekne like vyrde-legt. Det var alt etter rang og høve (kva ærend dei for i). I ei velstelt stova var stolane alltid soleis, at dei kunde setjast fram for folk.

29. I høgtidsstunder vart innbedne gjester helsa velkomne på serskilt måte t.d: „Velkomen hit i brudlaupet“! –

30. Når folk sa farvel etter ei kvardagsleg samkoma sa dei ofte: „No ska du ha takk for meg.“ Svar: „Ja, ikkje simma om det, eller ikkje bry deg, du ha ikkje noko å takka fyre“.

31. Ved avskil helste dei soleis:
 a. „Ha det godt medan eg er borte“
 b. „Kom Gud i hug“, og takk for „alt“! –

32. Her hos dei ikkje – som nokon minnest no – til vanleg kysst kvar-andre med helsingar. Undantak kunde vera avskil med mor – eller millom kjærastefolk.

33 Småe born kunde ofte kyssa for-eldre.

34. Dei gamle sa stundom: „Kokast“ – av kokk = munn.

35. På handi kysste dei ikkje.

36. Den inderlegaste form for helsing – kyssen – var av takksemd – eller glede.

37. Vor dei ustyrleg glade kunde dei bita i fingen

38. Til småe born sa dei ofte: „No må du kyssa – eller gje ein sleik.“

39. Det gjorde dei ikkje – so det –

7424
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vart nemnande.
40 Mori kunde vel gjera det stundom med småe born.
41. Det kunde dei gjorde det til leik. Men det var sjeldan. Noko namn hadde dei ikkje på det.
42. Det gjorde dei av elskhug - eller kjærleik - og dei nemnde det „å kjåkast."
43. Born gjorde det ofte med foreldre - og kjærestfolk med kvarandre. Men dei vaksne var vare. Dei vilde ikkje andre skulde sjå dette.
44. Ordtaket til lukke - nytta dei jamnast i samband med lukkeynskje. I den siste mannsalder er og ordet „gratulera" kome til
45. Folk sa: God jol, godt nyår (i nyårshelgi) når det leid ut i det nye året: Godt nytt år, god påske, god pinse, god sumar, lukka med harvet, lukka med trulovingi, lukka med brudlaupet.
46. Det vart tungt for deg, måtte Gud vera med deg, eg er hjarteleg med deg i sorgi. Ved motgang: Eg tenkjer so på deg. Du må halda modet uppe.
47 Takk for det du kjem meg i hug.
48. Ved gravferd takka dei ofte ut den avlidne. Dei nemnde det å taka avskil i heiman. Det var med det same dei skulde fara til kyrkjegarden. Vart det gjort med

7424

kjensla og i utvalde ordelag. Kunde
det vera sers høgtidsamt og gjima
gode og varande minne.

49 Sers vanvyrdelegt var det um ei
kvinna pisste på stakken til ein-
kvan

50 Fram til fyrst i 1900 talet sa born De
til foreldri og du til alle andre. – No
seger vaksne folk du til foreldri – og
De til dei dei ikkje kjenner.

Fram til midt i 1800 talet
sa bønder I og "Jér til storfolk.

51. Til lumdår – eller i svivyrdeleg meining
sa dei ofte han eller ho, dei istadenfor
du eller de. Sers vanvyrdnad var
det um dei brukte ordet det,
istadenfor du eller dei.

Han måtte skamma seg, slarven*) –
"Ho skulde skjemmast, fidla"
"Dei skulde pakka seg, travarne."
"Det skulde dengjast, fantapakke!" –

Desse talemålar tykkjest
vera komne burt no. –

Balestrand den 29/12 1952

A. Skåsheim –

*) eller traven.

7424

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING